

Lavik sokneråd; Sunnfjord prosti: svar på høyring om ny kyrkjeleg organisering:

Høyringa me er bedne om å svare på, peikar på mange utfordringar Den norske kyrkja vil stå overfor i åra framover. Soknerådet ser noko av dei same utfordringane. Vo registrerer at mandatet for utgreiinga vektlegg trong for organisatoriske endringar.

Lavik sokneråd trur også at det i framtida kan vere naudsynt med endringar, men meiner at det nye "prostifellesrådet" ikkje er svaret på desse utfordringane.

Prostifellesrådet, som i høyringa er ein fastlagt premiss for spørsmåla ein stiller, er etter vårt syn eit feilsteg, og spørsmåla vert difor ikkje svara på enkeltvis.

Våre argument for det er som fylgjer:

- Prostifellesrådet vil verte ei ny, administrativ eining, som vil medføre meir administrasjon og større kostnadar enn me klarar å sjå nytteverdien av.
- Prostifellesrådet vil svekke basisen i kyrkja; soknet, idet fleire avgjerder vert flytte lenger unna det som er grunnfjellet i det kyrkjelege arbeidet.
- Prostifellesrådet vil svekke toppleiringa i kyrkja; bispedømeråda og biskopane.

Dette trur vi er strategisk feil i lys av dei utfordringar kyrkja som trussamfunn vil stå overfor i åra som kjem, m a i høve til påverknad på sentrale politiske organ.

- Prostifellesrådet vil få eit usikkert økonomisk grunnlag.

Den skisserte strukturendringa vil måtte medføre at det geografiske området for prostiet - i mindre grad enn i dag - vil samsvare med området for den eininga som vil verte økonomisk ansvarleg for det same prostiet, dvs. dei ulike kommunane.

Dette vil på sikt kunne påverke løyvingane til kyrkja i svært uheldig retning. Vilkåra for tilsette, drift og vedlikehald i prostia kan difor også verte svært ulike.

- Prostifellesrådet løyer neppe rekrutterings-utfordringane kyrkja har i dag.
- Dette er ei stor og irreversibel omorganisering med svært usikker vinst.

Lavik sokneråd går ikkje inn for prostifellesrådsmodellen.

Lavik, 25. november 2021.

Lavik sokneråd